Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Avaldsnes

Emne: Ard og plig | Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie 62 år gl. | Gard: Skeie

(adresse): Avaldsnes | G.nr. 24 Br.nr. 8 der eg vaks opp.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I mi barndomstid bruka ein ard. Det var ein grindaplog (som ein gjerne sa) nærmast på skap som fig. 11 men ved veltefjel av stål. Desse plogane vert elles nytta framleis til lettare plöying, men noko forbetra typer. Me namnet ard höyrer ein no ikkje noko til. Det er no stålplogen med to handtak m.v. Helst brukast idag berre traktor med tilhöyrande plogar.
   I min tidlegste barndom bruka eg ein treplog. Den var også nærmast på skap som fig. 11. Men den vart snart öydelagd og kom bort.
2. Ard i den forstand som De nemner kan eg ikkje hugsa at eg har set. Den eg har nemnt under nr. 1 vart bruka på same måten som ein no brukar plogen. Ein had-horv - treråma med jerntindar som ein horva med både för og etter såinga. Eg har så vidt set i bruk horv med tretindar.
3. Potene plöygde ein ned med arden eller plogen. Når potene var komne opp - omlag st.Hans - hyppa ein oppmed dei. Til dette bruka ein hyppeplog. Me hadde ein treplag med jernbeslag - omlag som fig. 7, men med to handtak bakover. Hyppeplogen vart dregen av folk - gjerne eit par av barna, for hesten trödde ned for mange potetplanter. Av hyppeplogen kunde det elles vera ynse slags. Sume "nett-hendte" bönder laga seg eitt eller anna av jern. Ein gong såg eg ein som berre hadde teke eit gamalt spa-blad. Han snudde fram-bak på det og festa det til ei slags plogråma. Bladet fekk höveleg stigning slik at det he dt seg passeleg nedi og laga elles passande forer.
   Som De vil skyna er ard etter mi meining ein grindaplog med ei veltefjel og ein hyppeplog må alltid ha to veltefjeler.
4. Ardar som fig 1. - fig. 3 har eg berre set på museer
5. Kjenner det berre frå museer.
6. Me tala om veltefjela. Stokken som alt stod festa på, kalla ein ~~fåx~~ for å s e n . Styegreia kalla ein visst berre for g r i n d a. Jernlykka framme som vert drege etter, kalla ein visst berre for d r a g e t. Det horisontale skjerete vart av gamle folk kalla for v o n g s e n. Frå draget og framover hadde ein eit stykke kjetting (lekkje). Det kalla ein for ar-drette. Det hesten drog etter heitte (og heiter) d i l d e r (fleirtal: dildedne).

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 6309

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6309

Eg trur eg hugsar at å s e n vart kalla for d r a s t o k k j e n .

7. Eg har ikkje noko serleg å fortelja om dette.
8. Sjå ovanföre.
9. Eg kjenner ikkje til det.
10. Har aldri set det.
11. Som nemnt ovanföre, bruka ein hyppeplog omlag fig. 7 - eller kanhenda helst som fig 6. Veltefjölene var ikkje stillbare. Ein bruka dei berre til hypping etter at potene var komne opp. Bruk av 2 veltefjöler når ein sette poteter, vart fyrst bruka i den seinare tid etter at ein hadde fåt dei nyare fabrikkarbeidde h e s t e h a k k e r .

Ristel (rstidl) vart berre bruka på plogane som ein plöygde med - ein-fjöla.

12. Som nemnt ovanföre, var det dei fabrikkarbeidde grindaplogane ein kalla for a r d (ar) i mi tid.
13. Som ein vil forstå av det eg har nemnt, har det så å seie i heile mi tid vore brukt fabrikkarbeidde plogar, men dei var i den fyrste tid nokså ufullkomne i konstruksjon.

Treplogane vart nok laga av smedar i bygda, men det var för mi tid. Det var tale om eit par gamle smedar i mi barndomstid som dei kalla l å s a s m e- d a r. Dei har nok også laga plogar og anna reidskap.

I mi barndomstid stod ei lysing på vers om sume ting ei stor forretning hadde å selja. Og det stod eitt vers slik: " O l i v e r er den bedste plog. I St. Lui Grand Prix den tog, da den nu sidst udstillet var. Og flere Prixer för den har". Det skultyda på at denne plogen var i "vinden". Eg hugsar og at nærmaste grannen fekk ein "Oliverplog" og den var god - etter som ein då såg det. Det fyrste gongen eg såg at det vart bruka rund skjer i staden for ristelen.

Eg torer ikkje påstå at eg hugsar prisar på plogane, men tek eg ikkje feil var det 30 - 40 kroner for ein grindaplog og 70 - 80 kr. for "Oliverplogen"

14. Eg kan di verre ikkje seie noko om det.
15. Jau, dei fyrste plogane eg hugsar vilde alltid "leggja på seg" og plogkaren hadde med seg ein liten trespa "arsgeiå" eller "arspen". Det var ei treplata oml. 20 cm. lang, 8 cm. brei og 1 cm. tjukk. Den eine halvdel (10 cm.) var smidd av frå sidene så det tena til handtak. I dette handtaket var det bora hol I holet tredde dei ein tjukk tråd som dei knytte saman til eit band ikring omleden. Dette gjerde dei veltefjöla rein med ved enden av fora. Var det svert klisen åker, måtte det gjerne også reinskast midt i fora.
16. Båe delene vart bruka. Sume var rædde for å slita uturvande på skjeret og veætefjöla. Dei kjörte plogen tom på flatsia. Dei sette då gjerne ein klamp eller to på sida av åsen, for at plohen skulde gå lettare og ikkje dra så mykje med seg.
17. Sjå pkt. 16. Serleg namn på klossen höyrde eg ikkje.
18. Eg har berre set högre-plogar.
19. Vanlegvis bruka ein berre ein hest å dra når ein plöygde åker. Også av den grunn måtte det plöyast grunnt. Men elles lika ikkje dei gamle å "rota for mykje opp av grunnen" dei hadde ikkje tru på djup plöying. Djupna vart regulert med slepesko framme. Eg trur me kalla det berre for "skoen". Seinare er det etter kvart gått over til å bruka hjul.

Plöyedjupna kunde vel vera 10 - 12 cm.

2

Framhald - emne nr. 1.

20. Ja. Det var alltid ristel.
21. Nei, eg har aldri set dei.
22. Nei, ein tok plogen med i mök-kjerrå.
23. Eg kjenner ikkje til denne sort plogar.

---

Det eg kan opplysa om ard og p l o g vil gå fram frå det eg har nemnt til dei einskilde spörsmåla. Og det er truleg uturvande i mitt tilfelle å senda fotografi eller serleg teikning.

Så vidt eg kan forstå, er a r d (utt. ar) det gamle ord (namn) på reidskapet. Og ordet uttalast beint fram med lang trykk på a. Frå noko för mi tid er namnet ar etter kvart gått over til plog slik at ein no ikkje höyrer anna enn namnet plog. Dette uttalast også rett og slett med plog. (trykk på o). Me sa ein ar og me seier ein plog. I bunda form og fleirtal vil det vera a r e n og a r a d n e - og p l o j e n og p l o g a d n e.

Avaldsnes den 2/8 1951

Peder Eiken(?)

6309

6309

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING